



Nordhordland Revisjon IKS
Kvassnesvegen 23
5902 ISDALSTØ

Referansar:
Dykkar:
Vår: 16/2778 - 16/22915

Saksbehandlar:
Randi Helene Hilland
randi.hilland@meland.kommune.no

Dato:
02.12.2016

Økonomisk rapportering oktober 2016

Vedlagt følgjer vedtak.

Vedtaket er eit enkeltvedtak som kan påklagast, jf. Forvaltningslova (fvl) § 28. Klagefristen er 3 veker rekna frå den dagen vedtaket vart mottatt, jf. fvl § 29 1.ledd. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til det forvaltningsorgan som har gjort vedtaket. I klagen skal det gå fram kva som vert påklaga (vedtak) og kva endringar ein ynskjer, jf. fvl § 32. Klagen skal grunngjevast.

Med helsing

Randi Helene Hilland
konsulent

Andre mottakarar:

Nordhordland Revisjon IKS

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Joen Erik Huusgaard	FE - 210	16/2778

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
101/2016	Formannskapet	PS	30.11.2016

Økonomisk rapportering oktober 2016

Vedlegg:

Vedlegg 1-Status rekneskap-budsjett pr oktober 2016

Vedlegg 2 - Investeringar per 31.10.16

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Rådmann skal kvar månad legge fram rapport som syner budsjettstatus.

Vedlagt følgjer rapportering per oktober 2016.

Vurdering

Det overordna bilete er at vi på dei aller fleste tenesteområda ser ut til å komme ut innanfor tildelte budsjettammer, men for rådmann/stab, økonomikontoret, barnevern og kultur ventar vi meirforbruk utover rammer fordelt av rådmannen. Netto meirinntekter frå skatt/rammetilskot/finans veg opp for dette meirforbruket, og vi ser førebels ut til å gå i balanse totalt sett for året 2016. Det vert ikkje gjort framlegg til budsjettendringar som følgje av den vedlagte rapporteringa. Sjå vedlagte driftsrapport i vedlegg 1.

Rapport over driftsinvesteringar og investeringar innan VA følgjer som vedlegg nr 2.

Denne viser at påløpte investeringskostnadar per 31.08.2016 er på totalt kr 68,0 mill (sjå kolonna Rekneskap 2016 hittil). Av dette er kr 36,5 mill ordinære driftsinvesteringar og kr 31,5 mill investeringar innan Vassverk og Avlaup. Budsjettet er totalt kr 179,1 mill (inkl. Startlån), 137,6 mill for ordinære investeringar og kr 41,5 mill for VA-prosjekter. Dette inkluderer budsjettjusteringar i løpet av 1. halvår 2016 på kr 11,1 mill.

Framlegg til vedtak:

«Budsjettrapport pr 31. oktober 2016 vert teken til vitande

Formannskapet - 101/2016

FS - behandling:

FS - samrøystes vedtak:

«Budsjettrapport pr 31. oktober 2016 vert teken til vitande.»